



Fortunen AS
Torgallmenningen 7
5014 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/85 - 16/17854

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
16.09.2016

Godkjenning - GBNR 27/169, Tilbygg til Grasdal skule - Endring av rammeløyve og IG for delar av tiltaket

Administrativt vedtak. Saknr: 309/2016

Tiltakshavar: Meland kommune v/Ordføraren
Ansvarleg søkjar: Fortunen AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Omsøkt tiltak:

Saka gjeld søknad om endring av rammeløyve og igangsetting av delar av tiltaket ved oppføring av tilbygg til Grasdal skule.

Gjennom vedtak dagsett 26.2.2016, DNT-sak 49/2016, gav Meland kommune rammeløyve for tiltaket på vilkår av samtykke frå Arbeidstilsynet innan igangsetting. Løyve til igangsetting av grunnarbeid og utvendig VA-arbeid blei gitt ved vedtak av 8.6.2016, DNT-sak 185/2016. For desse arbeida blei godkjenning frå Arbeidstilsynet ikkje vurdert som naudsynt for IG.

Arbeidstilsynet har gitt samtykke til tiltaket gjennom vedtak dagsett 23.8.16. Godkjenninga er gitt på bakgrunn av ei noko endra planløyving og søknaden om endring av rammeløyvet er tilpassa desse endringane.

Vidare er det søkt om IG for tømrararbeid, betongarbeid og arbeid knytt til brannkonsept.

Plan- og lovgrunnlag:

Den omsøkte egedomen er omfatta av *Reguleringsplan for Moldekleiv* (arealplanID 125619780001) og tilbygget ligg i sin heilskap innanfor eit område som gjennom denne planen er avsett til offentleg formål; skule. Tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen.

Det blir elles vist til rammeløyvet for nærare opplysningar om tiltaket og dei materielle vilkåra i plan- og bygningslova.

VURDERING:

Administrasjonen godkjenner endring av planløyving som omsøkt og i samsvar med Arbeidstilsynet sitt løyve.

Etter godkjenningsvedtak frå Arbeidstilsynet er det ikkje lenger vilkår i rammeløyvet til hinder for IG som omsøkt.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar om ansvar og oppdatert gjennomføringsplan dagsett 6.9.2016. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller medhald av plan- og bygningslova, jf pbl kap 23.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova § 20-1 søknad om endring av rammeløyve for oppføring av tilbygg til Grasdal barneskule på 27/179 i Meland kommune i samsvar med søknad journalført 6.9.2016. Plassering og utforming av tilbygg og konstruksjonar skal vere som godkjent gjennom rammeløyvet med dei endringar som er vist på vedlagt teikning.

Vidare gir Meland kommune igangsettingsløyve for tømrararbeid, betongarbeid og arbeid knytt til brannkonsept, jf søknad journalført 6.9.16. Ansvarsrett gjeld i samsvar med innsendte erklæring, jf pbl § 23-3, andre ledd.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framti ikkje anna følgjer av dette vedtaket.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

teikning

Kopi til:

Ronny Landaas